

Sverdfisken er no i trygge forskarhender

■■ Fyrste i elv nokosinne ■■ 34 kilo



REGISTRERER: Spor og hovudet indikerer storleiken på fisken. – Ved hjelp av øyrestein kan me få ut mykje informasjon om dette eksemplaret, seier havforskar Svein Sundby. (Foto: Tore Solberg)

LÆRDAL: Sverdfisken som vart funnen død i Lærdalselva førre laurdag av hobbyfiskar Tore R. Solberg frå Bergen, er no teken hand om av havforskar Svein Sundby.

– Eg har fått hovudet slik at me kan bestemma alderen på fisken, seier Sundby.

– No har me rett lengde og vekt, så i utgangspunktet er dette ein tre-fire åring. Men dette vil me få stadfesta når me får sett på øyrestein til fisken. Det blir som å lesa årringar i eit tre.

I tillegg får forskarane ei rekke andre opplysingar ved hjelp av øyrestein, som vandringsmønster, gyteperiodar, ureining, vekst og kjønnsmodning, blant anna.

28. i rekkja

Sverdfisken som Solberg fann i Lærdalselva, er nummer 28 i rekkja av sverdfisk som er observert i Noreg sidan 1967.

– Så det er ikkje mange, men talet har vore aukande sidan 90-talet og utover. Men funn i elv er ikkje registrert i det heile her i landet tidlegare. Sist det vart observert sverdfisk i Sognefjorden, var i Arnafjorden i år 2000.

Fleire hundre kilo

Sverdfisken frå Lærdalselva var 34 kilo, som er noko over gjennomsnitt på dei fiskane som hamnar i Noreg.

– Lengre nord har me funne større eksemplar av fisken, som i heimlege farvatn kan bli fleire hundre kilo, seier Sundby, som ikkje trur at slike store eksemplar vil finna vegen til norskekysten, trass i stigande temperatur i havet.

– Då skal i tilfelle temperaturen stiga nokså mykje meir enn den er i dag.

Den største sverdfisken som er funnen i Noreg var på 80 kilo.

Ferskvatn

Solberg, som debuterte som flugefiskar førre laurdag, gjorde naturleg nok store auge då han såg sverdfisken som låg på botnen i Lærdalselva.

– Den har vel vore på jakt etter eitt eller anna. Så har det blitt for mykje ferskvatn for fisken, som er ein ekstrem saltvassfisk. Den har også eit heilt anna tempo enn laks og aure, med større svingradius. Så den har nok blitt temmeleg stressa også oppe i elva.

Jan Egil Fimreite
jan.egil.fimreite@sognavis.no